

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 09.12.2022
SAKSHANDSAMAR: Øystein Helleseth og Sjur Olav Sandal
SAKA GJELD: **Investeringsbudsjett 2023 - Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2022/3995

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.12.2022

STYRESAK:
079/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek følgende investeringsbudsjett for 2023:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2023
Byggteknisk infrastruktur	5 300
Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente	594 800
Sum bygg	600 100
Medisinteknisk utstyr (MTU)	12 500
IKT	3 600
Ambulansar	5 000
Sum MTU og andre investeringar	21 100
Sum investeringar	621 200

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere nødvendige tilpassingar eller omprioriteringar innanfor investeringsbudsjettet si ramme.
3. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til inngå kontrakt/gjennomføre «Andre endringar», som består av Svana mini og fullføring av Livabygget med to operasjonsstover. Til saman utgjer dette 92 millionar.
4. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å nytte opsjonen på investering av ny MR 1,5 Tesla til Nordfjord sjukehus.
5. I tråd med tidlegare vedtak i samband med revidert økonomisk langtidsplan (styresak 057/2022) gir styret administrerande direktør fullmakt om å oppdatere lånesøknad om investeringsevna på 500 millionar og likviditet 260 millionar til Helse Vest RHF.

6. Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny handsaming dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.
7. Styret godkjenner førebels likviditetsbudsjett for 2023.

Oppsummering

Administrerende direktør har teke utgangspunkt i revidert økonomiske langtidsplan (ØLP) ved utarbeiding av budsjett for 2023. På grunn av strammare rammer er resultatkravet justert ned med 21 millionar, noko som har medført at også investeringane er reduserte.

Føreslege investeringsbudsjett for 2023 er på 621,2 millionar, medan revidert ØLP la opp til å løyve 610,9 millionar. Dette er ei reduksjon på 10,3 millionar. Løyving til Nye Førde sjukehus (NFS) har auka med 7,5 millionar, noko som heng saman med fordeling mellom åra. Når det gjeld vedlikehaldsinvesteringar knytt til bygg, MTU og ambulanse er reduksjonen på 17,8 millionar i høve revidert ØLP.

Ein auke på MTU-budsjettet er at føretaket nyttar opsjon vi har på å kjøpe MR til Nordfjord sjukehus. Det er i investeringsbudsjettet lagt inn 0,5 millionar i 2023. Administrerende direktør må innan årsskiftet avgjere om vi skal utløyse opsjonen eller ikkje. Beløpet vil vere større, men tidspunkt for leveranse vil truleg vere 2025.

Det er gjort vesentlege endringar knytt til NFS, noko som påverkar fordelinga av investeringsbeløp i perioden 2023 til 2025 samanlikna med vedtatt ØLP i mai 2022. Bakgrunnen er strammare likviditet som følgje av resultatavvik, forventa strammare rammer framover og at indeksjusteringa på byggekostnadene er vesentleg høgare enn deflator. Dette har medført at Svana 2 og 3 er utsett på ubestemt tid og har måtta tilpassa prosjektet:

Vedtekne ramme i 2023 kroner	1975
Utsetting av Svana 2 og 3 justert for deflator på 3,8 prosent (286-17)*1,038)	-279
Differanse mellom kostnadsindeks og deflator (Liva og Svana 1)	90
Endring og meirforbruk jf. statusrapport sept. 2022	40
Innreiing av dei to siste operasjonsstovene	20
Svana mini	32
Diverse postar	-3
Justert ramme Nye Førde sjukehus / sluttprognose utan Svana 2 og 3	1875

Finansiering

Kontantstrøm frå drifta og finansieringsaktivitet gjev følgjande investeringsramme for 2023:

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	Budsjett 2022	Prognose 2022	Budsjett 2023
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	30 000	7 500	0
+ Avskrivning/nedskrivning	95 000	97 500	101 000
= Kontantstrøm fra drifta	125 000	105 000	101 000
+ Opptak av nye lån	200 000	205 000	213 000
- Avdrag lån	-17 885	-17 885	-250 979
- Tilførsel av investeringsevne til Helse Vest IKT	-19 891	-19 891	-23 446
+ Gaver / kapitalinnskot HV	0	0	234 000
+/- Overføring av likviditet fra førre år	0	0	0
+/- Lån av investeringsevne og likviditet frå HV	56 000	38 400	327 300
+/- annet	-11 324	6 276	20 350
Finansieringsgrunnlag investeringar	331 900	316 900	621 225

- Opptak av 213 millionar i nye lån er knytt til Nye Førde sjukehus.
- Avdrag på lån er 250 millionar og er vesentleg høgare enn normalt på grunn av kapitalinnskot frå Helse Vest på 234 millionar. Dette skal nyttast til nedbetaling av gjeld.
- Tilførsel av investeringsevne til Helse Vest IKT er føretaket sin del av vedtekne felles prosjekt i Helse Vest. Investeringane skjer gjennom Helse Vest IKT. Helse Førde har ikkje lånt ut pengane, men investeringsevne.
- Føretaket har ikkje noko fri likviditet som kan nyttast til investeringar.
- Lån av investeringsevne frå Helse Vest RHF på 327,3 millionar. Føretaket har i samband med revidert økonomisk langtidsplan søkt Helse Vest RHF både om lån av investeringsevne og likviditet. Estimert på 327,3 millionar er noko lågare enn søknaden på grunn av nysaldering av 2022 budsjettet, kor Helse Førde fekk auka ramma med 47,5 millionar.
- Anna er aktiverte rentekostnader knytt til byggjelån for Nye Førde sjukehus.

Disponering

Med bakgrunn i langtidsplan for investeringsbudsjett og disponibel investeringsramme vil administrerande direktør gjere følgjande prioriteringar for 2023:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2022	Endring gjennom året	Revidert budsjett 2022	Budsjett 2023
Byggteknisk infrastruktur	8 600	-3 200	5 400	5 300
Arealplan Lærdal	2 000	-7 700	-5 700	
Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente	267 700		267 700	594 800
Sum bygg	278 300	-10 900	267 400	600 100
Medisinteknisk utstyr (MTU)	40 000	-4 100	35 900	12 500
IKT	3 600		3 600	3 600
Ambulansar	10 000		10 000	5 000
Sum MTU og andre investeringar	53 600	-4 100	49 500	21 100
Sum investeringar	331 900	-15 000	316 900	621 200

Nye Førde sjukehus (NFS)

NFS-prosjektet omfattar både bygg og medisinsk-teknisk utstyr. For 2023 er løyvinga i hovudsak tenkt brukt til bygginga av Livabygget. Dette er eit nybygg for somatikk i åtte etasjar. Bygget skal romme lokale for operasjon, sterilsentral, sengepostar med einerom og spesialrom for poliklinikk. I tillegg til Livabygget ligg det inne midlar til ombygging av Svanabygget (lågblock), slik at Livabygget kan koplast saman med Svanabygget.

Byggteknisk infrastruktur og brannsikring

Det er planlagt å bruke midlar på brannsikring, utskifting av sterilteknisk utstyr. Heis 9 på Førde sentralsjukehus vil bli skifta i løpet av året etter lenger driftsstogg (havari). Investeringsbudsjettet er føreslege halvert frå langtidsplan vedteken i mai, til 5,3 millionar. Aktuelle investeringar som kunne vore ønskt realiserte, er skalsikring for å betre personvern og ENØK-tiltak i form av varmpumpe ved Tronvik.

Arealplan LSH (Lærdal sjukehus)

Arealplan Lærdal er teke ut av investeringsplan, og ubrukt løyving på 7,7 millionar er inndrege. Samla har vi gjennom planen i perioden 2014-2022 oppgradert Lærdal sjukehus for 28,3 millionar.

Medisinsk-teknisk utstyr

Prioriteringane for 2023 vert gjort i samråd med medisinsk- og kirurgisk klinikk med fokus på betre pasientbehandling, teknisk tilstand, rasjonell drift, samt datafangst og digitalisering. Det er fokus på løysingar som forenkler arbeidskvardagen til tilsette og som er gode for pasientane.

Bruk av investeringsmidlane vert koordinerte med prioriteringane i prosjekt Nye Førde sjukehus. Oppgradering av overvåkingsanlegget, analysemaskiner og behandlingseining til auge er mellom anna utstyret vi ønskjer å prioritere i 2023.

MR Nordfjord sjukehus

MR-maskina på NSH gjennomfører kvart år mellom 3500 og 4000 MR-undersøkingar. Av maskinene som er i drift på dei offentlege sjukehusa i Hele Vest, er det berre maskina i Førde som har fleire undersøkingar per år.

Helse Førde har behov for MR-kapasitet med drift på fire maskiner. Det er lang ventetid på elektive MR-undersøkingar også med fire maskiner i drift. Ventetida har auka ytterlegare i dei månadene vi no har bak oss med tre MR-maskiner i drift (utskifting MR ved FSS), sjølv om ein har kompensert så langt råd med meir kveldsdrift.

Utan MR i drift på NSH, vil ventetidene auke ved FSS og LSH då det ikkje er ledig kapasitet i systemet. Dette vil gjelde alle typar MR-undersøkingar og mange pasientforløp, særleg innan

ortopedi, men også nevrologi vil ta lenger tid. NSH tek også unna mange MR-kreftkontrollar som vil måtte skyvast til FSS.

Helse Førde har opsjon på kjøp av tilsvarande MR som vi har i Lærdal, fram til 31.12.2022. Grunna maskina sin alder (15 år) og manglande serviceavtale/tilgang på reservedelar er sannsynet høgt for havari innan kort tid. Erfaringsvis vil ein havarisituasjon medføre betydelege logistikkutfordringar med å handtere pasientar som allereie er sett opp til time. Prosessen med å skaffe ny maskin vil verte prega av hast og stor grad av uvisse. Leverandørane av denne type utstyr har stort sett ikkje tilgjengeleg maskinar for leveranse, og desse må setjast i bestilling i god tid. Innkjøpsprosessar tek også lang tid, og ein må rekne med minimum 6 – 12 månader.

Administrerande direktør si samla vurdering er at det vil vere rett å prioritere og nytte opsjonen (utgår 31.12.22) vi har på å skifte ut den gamle maskina på NSH med ny maskin. Dette fordi det både for pasienttilbodet, og av omsyn til økonomi og drift, vil vere negativt med ein langvarig pause for å få på plass ei ny MR maskin.

Administrerande direktør vurderer det som uaktuelt å permanent avvikle MR-verksemda ved NSH. Dette av omsyn til helseføretaket sitt samla pasienttilbod ved lokalsjukehuset i Nordfjord, av omsyn til ventelister og behovet for MR-kapasitet i Helse Førde sitt nedslagsfelt. Helse Førde sitt omdømme og gode samarbeid i helsefelleskapet i regionen baserer seg òg på pasienttilbodet som er bygd opp over mange år. Ei avvikling av MR-tilbodet ved sjukehuset vil kunne påverke dette samarbeidet negativt.

Risikoen for havari er høg. Administrerande direktør meiner difor at å investere i tide slik at driftsstans vert unngått, og ikkje minst til ein lågare pris med aktuell opsjon, vil redusere risiko for inntektstap/auka kostnader og sikre god drift framover.

Ambulansar

Verdssituasjonen gjer at tid frå bestilling til overtaking på ambulansbilar no ligg på mellom 12-18 månader. Ei føreseieleg utskiftingstakt og kjend investeringsramme er viktig for å førebyggje høg alder og kilometerstand. For 2023 er det planlagt kjøp av totalt seks ambulansar, fire ordinære ambulansbilar på nasjonal rammeavtale og utskifting av to tobåre-ambulansar til stasjonar ved sjukehusa våre. For sistnemnde pågår ein fleirregional anbodskonkurrans der også Helse Førde deltar.

Ambulansetenesta har 34 bilar i operativ teneste, i tillegg til reservebilar, beredskapsambulansar og kvit bil. Gjennomføringa av prehospital plan med utplassering av beredskapsbilar som kompenserande tiltak, krev ein operativ bilpark og funksjonell gjenbruk av bilar etter perioden som ordinær ambulansbil.

Eit stramt budsjett gjer at løyvinga til nye ambulansar er halvert i høve ØLP.

Prioritering IKT

Midlane til IKT er 3,6 millionar og er planlagt brukt både til utstyr og til infrastruktur. Vi må investere for å hente ut driftsmessige gevinstar frå dei store IKT investeringsprosjekta. Forbetring av det trådlause nettet og mobiltelefonar er hovudfokus i 2023.

Helse Vest IKT

Den totale ramma for IKT-porteføljen i Helse Vest for 2023 er 372 millionar. Ved bruk av fordelingsnøkkel er Helse Førde sin del av investeringa som følgjer:

Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)		
Namn	Helse Vest	Helse Førde
Investeringar regional portefølje	372 000	42 110
Investeringar infrastruktur og leigeordning	170 000	19 244
Investeringar forvaltede løysingar	7 500	849
Investeringar HF-spesifikke prosjekt	10 500	1 000
- Avskrivningar frå regionale prosjekt	241 118	-27 295
- Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt	101 125	-12 632
Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT	902 243	23 277
Fordelingsnøkkel etter inntektsmodell	100 %	11,3 %

Programma med tilhøyrande prosjekt held fram i 2023, det gjeld HELIKS og Alle møter. Nokon av dei større tiltaka er innføring av M365, oppgradering av Libra og gjennomføring av handlingsplan for informasjonssikkerheit og personvern. Det vil òg gjerast fleire investeringar knytt til infrastruktur. Behov og ønskte løysingar frå føretaka er høgare enn den økonomiske ramma til Helse Vest IKT. Det går no føre seg prosessar for å velje ut, tilpasse og prioritere dei viktigaste prosjekta.

Investeringsplan for Helse Førde 2023 - 2027

Område	Investeringsområder (millionar kroner)	(tal i)	2023-2027					Sum 5 år 2023-27	
			2022	2023	2024	2025	2026		2027
Nybygg/ ombygging	Bygg infrastruktur og funksjonsendring		5,4	5,3	12,6	10,6	13,0	13,0	54,5
	Arealplan LSH		-5,7	-					0,0
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar		252,0	430,0	159,9				589,9
	Nye Førde sjukehus - MTU		9,4	32,0	16,9				48,9
	Nye Førde sjukehus - Andre endringar			45,0	31,0	16,0			92,0
	Nye Førde sjukehus - prisstigning utover deflator			67,5	22,5				90,0
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån		6,3	20,3	13,5				33,8
	Sum nybygg/ombyggingar		267,4	600,1	256,4	26,6	13,0	13,0	909,1
Medisin teknisk	MTU		15,9	12,0	20,0	9,5	20,0	20,0	81,5
	Laboratorie		20,0						0,0
utstyr	MR Nordfjord			0,5		10,5			11,0
	Sum medisin teknisk utstyr		35,9	12,5	20,0	20,0	20,0	20,0	112,5
IKT-investeringar	IKT utstyr		3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	18,0
	Sum IKT-investeringar		3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	18,0
Andre investeringar	Ambulansar		10,0	5,0	10,0	10,0	10,0	10,0	45,0
	Sum andre investeringar		10,0	5,0	10,0	10,0	10,0	10,0	45,0
Sum investeringar			316,9	621,2	290,0	60,2	46,6	46,6	1 064,6
Finansiering									
Finansiering før NFS finansiering			67,2	60,6	91,1	84,6	94,3	96,9	427,5
Lån NFS			205,0	213,0	221,4				434,4
Lån NFS, renter byggelån			6,3	20,3	13,5				33,8
Estemert behov for bæreevne frå Helse Vest			38,4	327,3	-36,0	-24,4	-47,7	-50,3	168,9
Sum finansieringsevne			316,9	621,2	290,0	60,2	46,6	46,6	1 064,6

Administrerende direktør har lagt revidert økonomisk langtidsplan til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2023. Budsjettet for 2023 har ei ramme på 621,2 millionar.

Prosjekt Nye Førde sjukehus vart starta opp i 2017 og består av fleire delprosjekt. Total ramme for heile prosjektet er 1.975 – millionar i 2023 kroner, men styret skal godkjenne kvart delprosjekt. På grunn av utsetting av Svana 2 og 3 på ubestemt tid er ny ramme 1,875 milliardar. Dette er beste estimat på kostnaden for å gjennomføre vedtekne prosjekt.

Likviditet

Driftsbudsjettet for 2023 er svært stramt på grunn av manglande kompensasjon for høgare inflasjon og lønnsoppgjer enn budsjettet i 2022. I tillegg er styringsfarten for høg. Det er difor sett i gang eit arbeid med å kartlegge alle tiltak som vil bidra til at styringsfarten vert tilpassa økonomiske rammevilkår. Større omstillingstiltak og endringar vil måtte gjennomførast i 2023 og dei komande åra dersom ikkje dei økonomiske rammevilkåra betrar seg. Omstilling vil ta tid. Administrerende direktør har av den grunn redusert investeringsbudsjettet i 2023 og tatt ned resultatkravet tilsvarande. Likviditeten i føretaket er pressa, og dette biletet vil forsterke seg ytterlegare framover.

I revidert økonomisk langtidsplan for perioden 2023 til 2027 som vart vedtatt 27.10.2022 var det estimert eit behov for å låne investeringsevne på 493 millionar i 2023 frå Helse Vest og likviditet på 260 millionar. Dette fordi Helse Førde har «låst» likviditet tilsvarande vår del av investeringane til Helse Vest IKT. På grunn av nysaldering av budsjett for 2022, og oppdatert estimat for Nye Førde Sjukehus, har behovet blitt redusert til 424 millionar i investeringsevne og 185 millionar i likviditet.

Når ramma for Nye Førde sjukehus vart vedtatt hadde Helse Førde i utgangspunktet nok likviditet, men det var behov for å låne investeringsevne. Årsaka til behov for å låne likviditet er resultatavvik, justering av resultatkrav og deflator som er lågare enn prisveksten på byggeprosjekt.

Helse Førde har ein kassakredittramme på 473,5 millionar, men denne skal berre brukast til å betale skilnaden på bokført pensjonskostnader og innbetaling til KLP.